Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Stryn.

Emne: Brynet

Bygdelag:

Oppskr. av: lærar Per Solheim

Gard:

(adresse): Oppstryn

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A.

1. Det vanlege ordet for å bryne er „kvelkje". Når ein skal bryne t.d. knivar, sakser o.l seier ein „henje" (heine). I seinare tid er ordet å bryne vorte teke meir og meir i bruk. (Dette med tanke på bryning av ljå). — Hein er eit finare slag bryne.

2. Bryna er no av kunststein. Det kan forekome bryne av naturstein endå, — men sjeldan er det. Bryna er og har ikkje vore laga i bygdene her. Ein har fått dei frå Bergen.

3. Reiskapen blir slipt på stein först og deretter kvesst på brynet

4. Kjenner ikkje til noko å svara her.

5. Ein kjenner ikkje til slik stein. Ein kjenner derimot til at ein tok med seg ein mindre slipestein ut på slåtte-teigen som låg eit stykke frå tunet. Ein la steinen opp i klufta av to „bjørke-kubbar" t.d

2621

I seinare tider har steinen stade heime ved huset. Å seia noko om tia her er ikkje råd.

6. Kor lenge ein brukar ljåen i arbeidet før ein slipte han er uråd å seia. Det var vanleg å bruka brynet (kvekkja) lengst råd var så ein slapp gå til slipesteinen.

7. Før brukte ein og bryner av tre. Trevyrke var selje. Når selje=adelen låg lenge, - gjerone eit halvt års tid - vart han svært hard. Denne la ein så i vatn. Han fekk då ein raudleg farge og treet vart gjerne kalla "raud=selje". Desse bryna hadde ein såleis med seg heimanfrå. Brynet av tre hadde ikkje noko serskildt namn som ein kjenner til.

8 Ljåen sit oftast på orvet når ein slipar. Ein sliper lause ljå berre før dei blir sette på orvet første gongen. Ein held egga mot seg.

9. Ein har ikkje noko fast stilling for ljåen når ein bryner han. Dei som er mest dugande å bryne tek han høgt opp slik at orvet står nedover på herdakanten, - Såleis

2621
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
2621

får orvet ei fast stilling innåt kroppen. Den andre stillinga er å setja orvet mellom korslagde kne. – I begge tilfelle har den som bryner ei oppreist, ståande stilling. –
– Det er skilnad ved framgangsmåten å halda orvet på når ein tenkjer på stutt- og langorv. – Langorvet får skråstilling på marka og oppmot overarmen. –

10. Koppen som ein bar brynet i hadde namnet „bryne-koppen". Frå gamal tid av var han av tre. I seinare tid er han av blikk.

11. Ein kjenner ikkje til at ein har bore brynet i horn, men ein veit om at ein sette horn på stutte, avslegne bryne. Ein var såleis ikkje så utsett for å skjara seg ved bryninga.

12. Bryne-koppen hekk på sida på kroppen. Ein feste han med ein krok, – helst på beltet, – eller berre på bukselinningen.

13. Ein fuktar brynet med vatn. – Ein fuktar både naturstein- og kunst~~stein~~stein-bryner.

ISOS

2621

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14. Mjölet som kjem fram ved bryninga kaller ein „gôr". – – „bryne = gôr".

15. Kjenner ikkje til noko om dette.
16. ——— " ——— " ———
17. ——— " ——— " ———
18. ——— " ——— " ———

19. Når ein spytta på brynet har det ikkje vore sagt anna enn dette: „Tvi!"

20. Noko viser eller ramser er ikkje kjende her.

2621

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING